

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 3:
Fagutvala og fylkesutvalet skal ha årlege rapportar...»

Nils T. Bjørke (Sp) sette på vegner av Sp, SV, A, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Utval for miljø og samferdsel ber administrasjonen koma tilbake med ei sak om korleis ein gjennom internasjonalt samarbeid kan styrka utviklinga av miljøvenlege transportløysingar og styrka industrien i Hordaland si leiande rolle i dette arbeidet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Bjørke sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, innafor ramma for internasjonalt prosjektsamarbeid som er skissert i saka, arbeide fram søknader og programdeltaking, knytt til EU sin programperiode 2014-2020.
2. Alle prosjektsøknader skal fortløpande meldast fylkesutvalet til orientering.
3. Fagutvala og fylkesutvalet skal ha årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing.
4. Prosjektdeltaking skal tilpassast dei årlege budsjett.